

Netta Oline (ein kvinnelagnad)

31 Jan 1846 vart Ane Paulsd Snekvik f. 1819 og Ole Olsen Aunhaug f. 1826 foreldre til ei jente. 10. mai 1846 vart ho døypt i Hemn'kjerka og fekk namnet Netta Olina Olsd Snekvik. Adressa ved dåpen var Magerøydalen som var ein husmannsplass på Magerøya. Netta var som så mange fødd utafor ekteskap, og mora Ane budde truleg heime hos foreldra.

Oppveksten veit vi lite om, men truleg vaks ho opp hos faren. Mora veit vi mest ingenting om (enno). Faren budde på Aunhaugen, og gifta seg i 1852 med ei anna Ane - Ane Olsdatter Vorpbukta frå Hemnskjela. Dei fekk tre ungar ilag. Etter ei tid på Aunhaugen flytta dei til ein liten plass ytst på Otternesodden. Der var det ein tung lagnad som venta. Ola drukna i Hemnfjorden, og ho Ane som satt att kunne ikkje greie å fø og fostre opp fire ungar åleine. (Enno veit vi ikkje heilt når Ola drukna, men det må vera i tida 1855 – 1863 eingong) Ungane var da sett bort på gardane, og Netta Olina kom på Lian på Skogen.

I folketeljinga 1865 finn vi ikkje Netta, men vi finn ei Olina Olsd 20 år, som var tenestetaus på Lian. Dette er nok same menneske. Det var (og er) ikkje uvanleg at folk tek mellomnamnet i bruk som daglegnamn. Netta Olina vart konfirmert 27/7-1862, men det er ikkje skreve adresse, så vi veit ikkje sikkert kor ho heldt hus då.

Nokre seier at Oline truleg var litt evneveik. Andre seier klårt at ho ikkje var det. Men Lina som ho vart kalla til dagleg hadde og sterke sider. Det seiast at ho var eit retteleg ordensmenneskje. Seinare skal vi sjå at ho får lov til å nytte denne evna.

I folketeljinga i 1865 finn vi som nemnt Oline på Lian som tenestetaus. Lina gifte seg aldri, men ho var ikkje framand for herreselskap no og då. I juletida 1869 hadde ho og ein unggut (John Johnsen Ness f. 23 Mai 1855) saman funne ut av nokre av livet sine løyndomar, og 19. september 1870 vart Anne Johnsd. fødd på Ness.

John, den unge karen som var far til Ane, var berre 15 år da han vart pappa. Kyrkja ville ikkje sleppa han fram til konfirmasjonen det året. Han måtte stå over til neste år. Sjølv i vår frilyndte tid hadde vi nok løfta på augebryna og sagt oss glade for at det ikkje var gutpanken vår som var så tidleg utlærd. Vi kan kanskje tru at det vart meir enn kirketukt på den unge faren.

Fem år seinare fekk Lina ei dotter til. Mathias Christensen Lian f. 31 Des 1849, ST, Hemne, Lian var sagt å vera far. I folketellinga 1875 står det at Olina Olsd (Ug) bodde på Nesskleven og hadde 2 barn: Ane Johnsd født 1870 og Ragnild Mathiasd født 1875. Dottera, Ragnild Mathiasd Lian f. 12 Sep 1875, på Ness (Nesskleven), var evneveik eller åndssvak som gjerne var bruka som eit samleord i dei tider.

Vi ser at Olina no budde i Nesskleiva, truleg på ein plass som heitte Edrekkarommet i Langmyra som var ein husmannsplass under ein av Nessgardane.

I 1879 stod Oline fram og sa at Ragnhild var dotter av Eirik Einarsen Ness, husmand på Langneset. Dette skal vera ført inn i kyrkjeboka. Einar var ein gift mann, og nekta for farskapet.

I folketellinga i 1900 budde mor og datter i bryggerhuset i Hansgarden på Lian. Ho var dyktig til reinhald og vedlikehald av klede, og det var vel difor at ho og Ragnhild budde i bryggerhuset. Dottera Ragnhild er no kalla Eriksdatter. Lina hadde og reinhaldet av skulen på Lian.

I 1903 stod Røstad skole for åndssvake barn ferdig i Levanger med internatdrift og plass til 100 elevar. Der skal dottera Ragnild ha vore ei tid.

Om lag 1908 gav gardane på Ness og Lian 8 tømmerstokkar kvar og sette opp ei stue til Lina og Ragnhild. Vi veit ikkje heile historien attom, men det verkar som om det var ein slags sosial dugnad for å gje dei to en plass å bu.

Vi veit og at halvbror til Lina, Ola Stolpnes som flytta frå Stolpneset til Kristiansund om lag 1907, brukte å sende Lina og Ragnhild spekesild og saltfisk med båt til Hellandsjøen.



På bildet som er teke omkring 1910 ser vi Linastuo nærast og uthuset der dei hadde geiter. Lina og Ragnhild slo vinterfor til geitene i Linaglenno. Geita var fattigfolk si ku det.

Som åra gjekk vart det verre for dei å greie seg sjølve. Lina og Ragnhild flytta begge på aldersheimen på Eide som opna i 1916.

Den 14. Juli 1923 døyr Ragnhild , knapt 48 år gamal på gammelheimen og vart gravlagd den 21. Juli ved Vinje kyrkje.

Lina lever nokre månader lenger enn dottera. I klokkeboka for Vinje finn vi at fattigforsørget pike, Netta Oline Olsdr. Lian døyde 16. januar 1924, 78 år gamal, og vart gravlagt 22. januar ved Vinje kyrkje.

Fred vera med dei.

-----000-----

Lina si fyste dotter, Anne Johnsdatter, vaks opp og fekk fleire born.